

Har du bestemt deg for å kompostere?


Kontakt oss!

Før du kjøper kompostbinge må du forsikre deg om at bingen er godkjent av BIR. Ta kontakt med oss på tlf 815 33 030, så sender vi deg vår kompostpakke med ei liste over dei forhandlarane i BIR-området som fører godkjente bingar. I pakken finn du også krav til kompostbingen, med ei enkel teikning av ein binge du kan byggje sjølv. Dersom du vel å byggje din egen kompostbinge må du ta kontakt med BIR for å få bingen godkjent.



Den beste
hagejorda
lagar du sjølv

GODE RÅD FOR DEG SOM VIL STARTE
MED HEIMEKOMPOSTERING



BIR

**KAST RIKTIG -
GI BOSSET VERDI**

Conrad Mohrs veg 15
Pb 6004 Postterminalen
5892 Bergen
Tlf: 815 33 030
Faks: 55 27 77 01
E-post: bir@bir.as
www.bir.as

Kompostér, spar pengar og få betre jord til hagen



Ca. 35% av det avfallet som havnar i restavfallet ditt er organisk materiale som er mogleg å kompostere. Ved å kompostere dette avfallet heime, kan du spare pengar fordi restavfalls-

menga går ned og vi kan tømme bosset sjeldnare. På den måten kan du få lågare renovasjonsgebyr. I tillegg får du eit verdifullt gjødsel- og jordforbetningsmiddel som du

kan bruke i din eigen hage. I ein større samanheng er du med å skape eit betre miljø fordi avfallsmengda til sluttbehandling blir redusert.

Kven kan heimekompostere?

Alle som har hage og plass til ein kompostbinge, og som kan gjere nytte av den ferdige komposten, kan heimekompostere. Eit års kjøkkenavfall frå ein gjennomsnittleg husstand blir til rundt 100-200 liter ferdig kompost når han er blanda med litt hageavfall eller anna strø undervegs.

Kva type kompostbinge treng du?

Helsestyresmaktene krev at ingen opningar i bingen skal vere så store at mus kan kome inn. Opningar for luftinntak i botnen bør derfor ikkje vere større enn 8 mm, eventuelt må dei vere sikra med finmaska netting. Kompostbingen må vere isolert. Dette gir høg temperatur i komposteringsprosessen, og syter for at mate-

rialet blir nedbrote på ein effektiv og sikker måte (varmkompostering). Det isolerande laget bør vere 5 cm isopor, eventuelt annan isolasjon med tilsvarende eigenskapar. Avluftinga på toppen av bingen må vere liten for å unngå varmetap. Bingen må vere bygd slik at regnvatn ikkje kan renne inn. Kor stor bingen skal vere er avhengig av talet på medlemmer i husstanden, eller dei husstandane som skal dele på bingen, og kor stor bingen er. For ein gjennomsnittleg husstand vil det oftast vere passeleg med ein binge på mellom 125 og 250 liter. **Kompostbingen må vere godkjent av BIR.**



Kvar plasserer du kompostbingen?

Bingen bør ha lett tilkomst, også om vinteren. Den vanlege plasseringa er utandørs på bakken – på gras, pukk eller grus. Du må plassere bingen på eit underlag som kan absorbere eventuelt sigevatn. Det kan vere praktisk å ha ein tett behaldar med strø i nærleiken.



Kva er varmkompostering?

Varmkompostering er ein aerob prosess (med luft) der mikroorganismar bryt ned organisk materiale til eit jordliknande og næringsrikt sluttprodukt. Prosessen utviklar energi, og temperaturen kan kome opp i over 70 grader. Det er viktig å merke seg at sjølv om oksygenforbruket i kompostbingen er lite, så er ei vellukka kompostering avhengig av at det slepp luft til i alle delar av kompost-

massen. Viss ikkje vil avfallet ta til å rotne (anaerob nedbrytning), og det oppstår vond lukt. For at komposteringa skal gå fort er det óg viktig at kompostmassen er passe fuktig. Er massen tørt går prosessen sakte, er han for våt kan det oppstå vond lukt. Her kan du prøve deg fram til rett fuktinnhald ved å justere forholdet mellom tørt og vått avfall. Den raskaste og mest

problemfrie nedbrytinga av det organiske materialet skjer med ein kombinasjon av kjøkkenavfall (nitrogenrikt avfall) og hageavfall (karbonrikt avfall). Balansen mellom karbon og nitrogen i komposten avgjer kor fort mikroorganismane formeirer seg. Når det organiske materialet blir brote ned, minkar volumet med av det som vart lagt i bingen med opptil 80%.

Kva kan du legge i kompostbingen?



Kjøkkenavfall:

- Kjøtt- og fiskerestiar
- Grønsakerrestar og -skrell
- Te- og kaffiposar med grut
- Saus-, suppe- og grautrestar
- Brød- og kakerestiar
- Egge- og rekeskal
- Andre matrestar
- Tørkepapir og papirserviettar
- Eggkartong (oppriven)


Hageavfall oppmale som strø:

- Halm
- Lauv, barnåter og kongler
- Greiner og kvister (kvern dei opp)
- Små mengder gras/ugras *)
- Bark
- Visne blomar
- Sag- og høvelspon (av uimpregnert virke)
- Restar av grillkol

*) Varmen fører til at ugrasfrø og eventuelle skadelege bakteriar døyr.

Merk: Alt avfall som du legg i kompostbingen må delast opp i små bitar. Bitane bør ikkje vere større enn eit egg.

Hugs rett blandingsforhold:
3 deler kjøkkenavfall til 1 del hageavfall (strø)



Tips! Rå fiskeslo tek lang tid å bryte ned og lagar lett lukt. Gi det eit lite oppkok, eller la det trekke i kokevatnet etter at du har teke ut fisken.



Kva skal du IKKJE legge i kompostbingen?

- Store bein (kast dei i bosspannet)
- Store mengder gras
- Grovt trevirke
- Uoppdelte matvarer
- Eingongsbleier
- Avfall som inneheld olje og løysemiddel
- Sot
- Sigarettaske og -stumpar
- Kattesand
- Støvsugarposar
- Plast
- Jord
- Mjølkekartongar
- Oske (bruk det direkte i bed o.l.)
- Sag- og høvelspon av trykk-impregnert virke
- Andre stoff som er giftige eller ikkje kan brytast ned

Kompostering steg for steg

Første gong:

1 Legg eit lag av grovt materiale i botnen av bingen (minst 20 cm). Dette kan vere kvister eller grov bark etc. Du legg dei tjukkaste kvistene nedst, og de tynnaste øvst. Dette gjer du for å sikre god lufttilgang til det du seinare legg oppi, og for å absorbere eller drenere eventuell overskotsvæske.

2 Dekk kvistlaget med ei avisside. Oppå avissida legg du eit lag med fukta strø (ca 5 cm).

3 No har du gjort bingen klar, og du kan ta til å leggje oppi kjøkkenavfallet. For at nedbrytinga skal gå fort, må du dele avfallet i små bitar (ikkje større enn eit egg).

4 Dekk avfallet med eit tynt lag strø (3 deler avfall, 1 del strø).

Etterfylling:

1 Elt og rør i komposten FØR du fyller på ferskt avfall. Bruk ei greip og køyr ho så langt ned mot kvistlaget som mogleg. Løft greipa og elt om i komposten fleire gonger utan å blande kvistlaget i botnen av bingen inn i komposten. Omrøringa er viktig for å sikre at det kjem til luft og for å unngå luktplager.

2 Lag ei grop i den gamle komposten.

3 Tøm matavfallet i gropa og bland det godt ned i den øvste delen av komposten, slik at ingen matrestar er synlege på toppen.

4 Dekk alt med eit tynt lag strø.

Merk:

Det er spesielt viktig at du dekker til med strø over kjøttrestar og sterkt luktande avfall som rekeskal og fiskeslo. Når du i tillegg blandar dette avfallet ekstra godt ned i komposten vil du unngå vond lukt.

BIR sel kompoststrø på gjenbruksstasjonane. Kompostabonntane får tilsendt rabattkupongar til strø ein gong i året.

Nøkkelen til suksess:

- God blanding av kjøkkenavfall og strø (ca. 3 deler kjøkkenavfall til 1 del strø)
- Tilgang på luft til alle delar av komposten. (Hugs minst eit 20 cm lag av kvistar i botnen!)
- Passe fukt
- Godt system for oppbevaring og utbering av kjøkkenavfall. Behaldaren på kjøkkenet bør romme avfall for mellom ei halv og ei veke. Du bør tømme spannet ofte slik at komposten har ferskt materiale å arbeide med
- Særleg viktig er det at du rører om og eltar komposten med ei greip før du fyller etter med ferskt avfall

Strømateriale

Kjøkkenavfallet er fuktig og rikt på nitrogen, og for å få det rette næringsinnhaldet i komposten må du leggje det lagvis med eit eigna karbonrikt strømateriale. Eksempel på kva du kan bruke som strø er: Tørt lauv blanda med høy og anna tørt materiale frå hagen, opphakka halm, halvformolda bar og lauv frå skogen og oppkutta greiner og kvistar frå hagen. Di fleire slag og di meir blanda, di betre er det.

Hugs at alt strømateriale bør vere så findelt som mogleg. Då syg det væska godt opp og blandar seg fint med kjøkkenavfallet.

Tips! Om vinteren er det lite hageavfall. For å unngå å måtte kjøpe strø, kan det vere lurt å ha samla tørka hageavfall til vinterbruk.

Kva kan gå gale, og korleis oppdagar du det?

Ein vanleg nybegynnarfeil er for dårleg omrøring av komposten før kvar etterfylling av matavfall. Å røre godt er det viktigaste du kan gjere for å hindre at noko går gale.



Komposten er for våt

Dette kjem som regel av at du har blanda komposten for dårleg, eller brukt for lite strø. Luktar komposten surt og rote er det fordi komposteringa får for lite luft. Rør skikkeleg om i komposten med ei greip. Om komposten derimot har ei sterk, stikkande urinlukt, har bingen over tid fått for lite strø. Lukta kjem av at overflødig nitrogen fordampar som ammoniakk. Legg på nokre gode nevar med strø som du blandar ned i komposten.

Komposten er for tørr

Når du i ein periode med god kompostering har hatt høg temperatur i bingen, kan komposten bli for tørr. Dette er fordi tørr, kald luft kjem inn i botnen av bingen. På veg opp gjenom komposten blir lufta varma opp og tek med seg fukt ut av bingen. Resultatet er at komposten blir for tørr, med låg biologisk aktivitet. Hell på 1-2 liter vatn og fordel det godt. Når komposten er passe våt skal du kunne ta ein neve kompost og klemme ut nokon dråpar vatn.

Komposten er kald

Den mest vanlege årsaka til dette er at det blir tilført for lite næring (matavfall). Dette gjer ikkje noko så lenge det ikkje luktar vondt. Temperaturen og komposteringa vil ta seg opp att så snart du tilfører meir matavfall. Problemet med kald bingje kan også kome av at kompostbingen er for dårlig isolert, eller ikkje isolert i det hele teke. Sjekk om du har ein godkjent bingje.

Flugeplage

Fluger rundt kompostbingen og flugelarver i komposten tyder på at komposten har begynt å rotne. Flugelarver kan ikkje leve i kompostbingar med høg nok temperatur. Likevel, kompostmassen har forskjellige temperatursoner og nær botnen av bingen er det ein god del kaldare enn lenger oppe. Rundt eventuelle tømmeluker er det større eller mindre opningar inn i bingen, og her kan flugelarver trivast. Dersom det er flugelarver i komposten, kan du koke opp ei panne med vatn og tømme over larvene. Eit tiltak som kan førebyggje problemet er å blande matavfallet ned i komposten og dekke det med strø.



Ferdig kompost

Tømming av kompostbingen

Det vanlegaste er å tømme kompostbingen når han er full. Det øvste laget som ikkje er ferdig kompostert legg du til side. Når du har teke ut den ferdige komposten, fjernar du kvistlaget i botnen og spyle bingen. Hugs å spyle luftehola i botnen av bingen ekstra nøye. Du kan også spyle kvistlaget og bruke det på nytt, dersom det er nokolunde intakt. Når bingen er gjort klar for ny kompostering, legg du tilbake det øvste laget som du tidlegare har lagt til side. Eit tips er å tømme bingen etter ein lengre ferie, til dømes etter sommarferien. Då er komposteringa kome så langt at du kan tømme heile bingen, utan å ta av det øvste laget. Komposten er enno ikkje ferdig. Du kan berre bruke han i små mengder, som gjødsel, til nedblanding i bed og liknande. Helst bør du leggje han i ein haug for ettermodning.

Ettermodning av kompost

I denne prosessen blir nedbrytinga ført vidare av andre bakterietypar og større organismar (t.d. meitemakk). Ettermodninga kan skje i ein haug på bakken. Dekk helst til haugen for å unngå at næringsstoff blir vaska ut. Di lenger komposten ligg til ettermodning, di finare struktur får han. Tømmer du bingen om hausten, har du fin kompost til bruk i hagen om våren.

Bruk av ferdig kompost

Ettermodninga har ført til at mikroorganismane som forsvann under varmeutviklinga i bingen kjem på plass att. Komposten kan du no bruke til hagevekstar, i altankassar osv, og som gjødsel for buskar og tre. Skal du bruke komposten til overflategjødsling, er det best å spreie ut eit tynt lag og så hakke

(molde) komposten ned i bedet. På grunn av det konsentrerte næringsinnhaldet må komposten blandast 50/50 med jord dersom du skal bruke han til direkte nedplanting.



Tips! For å sjekke om komposten er moden, kan du bruke **karseprøven**: Legg kompost i ei skål, vatne godt og så karsefrø. Lat skåla stå i romtemperatur, dekk til med plast. Fjern plasten når karsen spirer. Dersom karsen ikkje står som et grønt teppe etter 5 dagar, er komposten framleis umoden.